



Kursguide

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta
Thon Hotel Fosnavåg, 22. september 2021

Innhald

1. Grunnopplæring og mål	3
Velkommen til kurs	3
Grunnopplæring for nye arbeidsplassstillitsvalde	3
TV1: Det startar lokalt	4
2. Oversikt over kurset	6
Opplegget	6
Timeplanen	6
Kursleiarar	6
Førebuing til kurset	7
Praktisk informasjon	7
3. Læremidlar som skal brukast	8
Dialogduk	8
Nettsidene til tillitsvaldopplæringa	9

1. Grunnopplæring og mål

Velkommen til kurs

Som ny arbeidsplassstillitsvald i Utdanningsforbundet er du no vorten del av eit stort fellesskap som jobbar mot felles mål. Dei siste åra har vi fått ein meir desentralisert avgjerdsstruktur i barnehage, skule og utdanning. Dette gir fleire og større utfordringar for tillitsvalde lokalt. Men det gir og større rom for medråderett.

Du skal snart på det første kurset ditt som ny arbeidsplassstillitsvald. I denne guiden får du informasjon om opplæringa du skal få og særleg om det første kurset.

Grunnopplæring for nye arbeidsplassstillitsvalde

Utdanningsforbundet har om lag 10.000 tillitsvalde og opplæring av desse er ei prioritert oppgåve. Grunnopplæringa er obligatorisk for alle arbeidsplassstillitsvalde.

Overordna mål for grunnopplæringa

Grunnopplæringa skal gi nødvendig basiskompetanse til alle arbeidsplassstillitsvalde i Utdanningsforbundet, tilpassa tariffområde og uavhengig av lokale tilhøve.

Gjennom grunnskuleringa skal dei arbeidsplassstillitsvalde:

- Bli trygge i rolla og motiverast til innsats
- Kunne praktisere medråderett på arbeidsplassen
- Få innsyn i lover, avtalar, Utdanningsforbundet sin politikk og andre tilhøve som legg rammene for tillitsvaldarbeidet
- Bli kjend med Utdanningsforbundet sin politikk og vere medviten handlingsrommet ein har som tillitsvald
- Bli i stand til å arbeide strategisk for Utdanningsforbundet sin politikk og medlemmene sine interesser
- Forstå kva det betyr at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon og korleis profesjonsfagleg argumentasjon kan brukast
- Kunne leie klubben og engasjere medlemmene
- Kunne kommunisere godt i møte med andre
- Kunne jobbe for medlemsvekst

Dei tillitsvalde skal i tillegg til opplæringa og få verktøy og støtte til det praktiske arbeidet.

Modell for grunnopplæringa

Grunnopplæringa for arbeidsplassstillitsvalde er bygd opp med fire kurs i ein trinnstruktur, til saman seks dagar. Alle kursa skal gjennomførast det første året som tillitsvald og du må ha delteke på alle kursa for å få grunnopplæringa godkjend.



Tillitsvaldrolla er hovudoverskrift for grunnopplæringa. Under denne er det fem *kjernetema* som går att gjennom alle kursa, med ein nivåprogresjon.

TILLITSVALDROLLA				
Arbeidet som tillitsvald skal vere handlingsretta og tufta på medvit om kva det inneber å vere tillitsvald i ei fagforeining, korleis ein er forplikta til å jobbe tett på medlemmene og korleis profesjonsforståing styrer mange av vala ein gjer.				
Klubbarbeid og fagforeiningsmedvit	Hovudavtalen og medraderett	Lønns- og arbeidsvilkår	Profesjonsmedvit	Kommunikasjonsferdigheiter

Etter grunnopplæringa er det tilbod om ei rekkje temabaserte fordjupningskurs, som vert gjennomført både som sentrale kurs og i regi av fylkeslaga.

TV1: Det startar lokalt

TV1 vert gjennomført i og av lokallaget og samlar deltakarar frå alle medlemsgrupper og alle tariffområde.

Mål for TV1

Måla for kvart kurs er delte opp etter dei fem kjernetemaa som går gjennom heile grunnopplæringa. For TV1 er det følgjande mål:

Klubbarbeid og fagforeiningsmedvit

- Kjenne organisasjonsstrukturen i Utdanningsforbundet
- Ha oversikt over korleis ein kan drive godt klubbarbeid

Hovudavtalen, medraderett

- Ha kunnskap om plikter og rettar for arbeidsplassstillitsvalde
- Ha fått ei innføring i korleis arbeidsplassstillitsvalde kan praktisere medraderett

Lønns- og arbeidsvilkår

- Ha fått enkel innføring i aktuelt lov- og avtaleverk
- Ha fått oversikt over korleis eit tariffoppgjer går føre seg

Profesjonsmedvit

- Ha fått kunnskap om Utdanningsforbundet som profesjonsorganisasjon og Lærarprofesjonen si etiske plattform

Kommunikasjonsferdigheiter

- Vite korleis ein kan kommunisere med medlemmene
- Kjenne informasjonskanalane i Utdanningsforbundet

TV-guiden

Du skal ha fått *TV-guiden. Handbok for nye arbeidsplass-tillitsvalde*. Kontakt lokallaget om du ikkje har fått den.

TV-guiden er ein del av TV1. Det er viktig at du har lese den før du kjem på kurset. Då vil du ha fått ei oversikt og eit omgrepsapparat som gjer det lettare å følge med. Vi vil og bruke guiden som eit oppslagsverk på nokre av oppgåvene.



2. Oversikt over kurset

Opplegget

TV1 skal gi deltakarane ei brei basisinnføring i vervet som arbeidsplassstillitsvald. Det er lagt vekt på rolle- og oppgåveforståing, introduksjon til lov- og avtaleverk, og kva det vil seie at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon.

Størsteparten av tida skal deltakarane jobbe i gruppe/grupper med utgangspunkt i ein såkalla *dialogduk* (meir om den i neste kapittel). Det er og nokre korte førelesingar – punktførelesingar på 10-15 minutt – som er innbakte i arbeidet med case.

Timeplanen

Tid	Kva skjer?
09.30 – 10.00	OPPSTART <ul style="list-style-type: none">Presentasjon av kursleiarar, kursopplegg og deltakararGruppearbeid og plenum: Oppgåver og roller for arbeidsplassstillitsvalde i Utdanningsforbundet
10.15 – 13.00	CASEARBEID <ul style="list-style-type: none">Oppgåver om mellom anna avtaleverket, møte med leiar, klubarbeid og profesjonsforståingVeksling mellom gruppearbeid, plenum og korte førelesingar. Det vert lagt inn ei pause der det høver i økta.
13.00 – 13.45	<i>Lunsj</i>
13.45 – 14.25	CASEARBEID framhald
14.25 – 14.35	<i>Pause</i>
14.35 – 15.30	AVRUNDING OG VEGEN VIDARE <ul style="list-style-type: none">Praktisk informasjonFørebuing til TV2Informasjon om arbeid lokaltUtfordringar, forventningar og kursevaluering

Kursleiarar

Kursleiarar på kurset er:

Sirikit Vågen, post@volda.utdanningsforbundet.no

Sindre S. Sandbakk, post@orsta.utdanningsforbundet.no

Hedvig Haakonsholm, post@ulstein.utdanningsforbundet.no

Camilla A. Vik, post@sande-mr.utdanningsforbundet.no

Johanne Nørvåg, post@heroy-mr.utdanningsforbundet.no

Monica Stokken, HTV.orsta@utdanningsforbundet.no

Førebuing til kurset

De har rett til permisjon med lønn for deltaking på kurset. Sjå informasjon i innkallinga til kurset.

Som vi har nemnt, føreset vi at du har lese TV-guiden før du kjem på kurset.

Så er det to nettsider du skal ta ein kikk på før du kjem på kurs:

- Nettsidene til tillitsvaldopplæringa
- Sidene for ditt tariffområde på udf.no

Du treng ikkje å bruke mykje tid på dette, berre gjere deg kjend med kva som ligg der.


Praktisk informasjon

Til kurset skal du ta med:

- TV-guiden
- PC, Chromebook eller nettbrett

3. Læremidlar som skal brukast

Dialogduk



Midtsidene på dialogduken til TV1

På alle kursa i grunnopplæringa vil dialogdukar vere den viktigaste metoden vi brukar. Dialogduk er ein metode for gruppearbeid, vanlegvis med 4-6 personar i kvar gruppe. Duken er trykt på eit ark på 1/2 m². Den har ei framside, ei midtside og ei bakside. På duken står det oppgåver. Gruppene skriv svara sine rett på duken.

På kursa våre har vi ei form der vi etter kvar oppgåve skal ha ein gjennomgang av gruppa sine svar og med kommentarar i plenum, og eventuelt og faglege utdjujingar frå kursleiarane.

Som de ser på biletet over er oppgåvene på den eine sida trykte opp-ned. Det er fordi deltakarane som oftast vil sitte på kvar si side av bordet. Det er tungvint å drive og rotere duken heile tida og irriterande alltid å sjå oppgåvetekstane opp-ned. Når oppgåvene er plasserte slik, er det altså av praktiske grunnar. Men det er og ein annan viktig grunn, nemleg at gruppeleiaransvaret skal gå på omgang gjennom heile arbeidet. Det er ingen deltakarar som skal sitte åleine med dette.

Dersom det var fire deltakarar i gruppa som jobba med duken på biletet over, ville kanskje oppgåva med gruppeleiar vorte fordelt slik:


- Deltakar 1: oppgåve 1
- Deltakar 2: oppgåve 2 og 3
- Deltakar 3: oppgåve 4
- Deltakar 4: oppgåve 5 og 6

Slik sett er dialogduken eit demokratisk læremiddel.

Kva gjer gruppeleiar?

Den som har gruppeleiar-ansvaret på ei oppgåve, skal gjere følgjande:

- Lese oppgåveteksten høgt for alle og forsikre seg om at teksten er forstått
- Leie diskusjonen i gruppa
- Fordele arbeid dersom det er aktuelt: «DU undersøker kva hovudtariffavtalen seier om dette, DU sjekkar om det står noko i arbeidsmiljølova om dette, DU...»
- Passe på at tidsramma for arbeidet med oppgåva vert halden
- Oppsummere, konkludere og skrive gruppa sitt svar på duken
- Presentere gruppa sitt svar i plenum dersom kursleiarane ber om det



Nettsidene til tillitsvaldopplæringa

På startsidea klikk på *Meny* og så på [Tillitsvalgtopplæringen](#):



Nedst på inngangssida finn de *Grunnopplæring*:



Nedst på sida til grunnopplæringa finn de inngangar til kvart tariffområde:

Les mer om opplæringen på ditt tariffområde:



KS



Oslo



Private barnehager



Stat

Under hvert tariffområde ligg dei einsskilte kursa (TV1 og TV4 er like før alle):

Nærmere informasjon om de enkelte kursene

TV1

TV2

TV3

TV4

Under hvert kurs ligg informasjon om mål, førebuing for deltakarane og læremidla.

TV1

TV1 skal gi deltakerne en bred basisinnføring i vervet som arbeidsplassutvalgt. Det er lagt vekt på rolle- og oppgaveforståelse, introduksjon til lov- og avtaleverk, og hva det betyr at Utdanningsforbundet er en profesjonsorganisasjon.

TV1 gjennomføres i og av lokallaget og samler deltakere fra alle medlemsgrupper og alle tariffområder.

Mål for kurset +

Forberedelse til kurset +

Læremidler ← +



UTDANNINGS
FORBUNDET